			<p>Florelandet i vest, og i sørvest, er det registrert aktivitetsområde frå steinalder. På same måte som for Brandsøysundet ligg fleire av desse kulturminna tett ved eller i bebyggde område. Dei fleste kulturminna blei registrert på 1970-talet etter at diabasbrotet vart kjend. Mange av dei bebygde områda manglar reguleringsplan, og bygningar og anlegg har vakse fram utan ein overordna plan før i 2006. På denne måten er fleire automatisk freda kulturminne gradvis "bygd inne". I tillegg er nokre kulturminne registrert etter at området er bygd ut. Vi har forståing for at det er problematisk når det ligg så mange kjende automatisk freda kulturminne inne i utbygde område eller i område der det er utbyggingspress, men vi saknar ei overordna haldning i planomtalen til å finne løysingar for bevaring. Til dømes kunne det ha vore brukt fleire omsynssone c, SOSI-kode H570 for å sikre miljøet kring eit automatisk freda kulturminne i planen. Sidan det er så mange automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, burde det ha vore utarbeidd gode oversikter, gjerne i tabellform, over dei automatisk freda kulturminna. Det er eit sterkt ønske lokalt å formidle dei førhistoriske kulturminna, særskilt kulturminna i Brandsøysundområdet. Dette ynskjet er òg nedfelt i Handlingsplanen for kulturminner 2016-2020. Fylkeskommunen har vore engasjert i arbeidet med å få opp kulturminneskilt, men tiltaket er ikkje ferdigstilt. Samstundes er to av punkta i planomtalen, under overskrifta Formidling og skjøtsel å: gå gjennom kulturminna og avklare kva minne som bør frigjevast og kunne byggast ut, og kva minne som bør takast vare på for framtida. Og vidare i neste punkt: seie noko om kva typar og lokalisering av nye funn av fornminne som bør kunne frigjevast. Vestland fylkeskommune er ikkje samd i desse vurderingane. Frigjevingsprosedyrer høyrer ikkje heime i lag med formidling og skjøtsel. Vi minner om at det er fylkeskommunen som har frigjevingsmynde til automatisk freda kulturminne.</p> <p>Plankartet og konsekvensutgreiinga</p> <p>Det er positivt at kommunen har merka dei automatisk freda kulturminna med omsynssone d, sone som er bandlagt etter anna lovverk, her kulturminnelova, SOSI-kode H 730 i plankartet (merk, det står H720 i planomtalen). Omsynssona angir då at dei automatisk freda kulturminna er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ein fordel om kulturminna òg kunne ha fått ein underbokstav, eller eit tal, t.d. H730_1 osv i plankartet slik at det kjem tydeleg fram kva type automatisk freda kulturminne det er snakk om, gjerne med ei liste over kulturminna i føresegnene til planen. Når det gjeld steinalderlokalitetane id 141303, 141300 og 141304 i Havikbotn så er alle desse kulturminna frigjevne og grave ut. Områda bør derfor ikkje ligge som bandlagt i plankartet. Fylkeskommunen har òg avklart med Universitetsmuseet i Bergen</p>	
--	--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>at steinalderlokaliteten i Båtevika, id 106922, ikkje er freda. Kulturminnet vart grave ut på 1980-talet og utbygginga i reguleringsplanen er realisert. Opplysningane er oppdatert i Askeladden og kommunen kan derfor fjerne bandlegginga i plankartet. Fylkesdirektøren kjem ikkje til å fremje motsegn der kommunen vidererfører arealføremåla frå gjeldande plan, sjølv om arealføremåla ikkje er i samsvar med bevaring. Men vi rår sterkt til å sjå på løysingar til korleis automatisk freda kulturminne som ligg innanfor arealføremålet noverande bebyggelse, kan bevarast på ein god måte. Tildømes korleis steinen med helleristingar id 72892, som ligg inne i ein privat hage, kan sikrast i planen.</p> <p>Der vi ser at kommunen har endra arealføremålet og arealføremålet ikkje samsvarer med vern, må vi fremje motsegn på dette plannivået. Det er fordi det er konflikt med kjende automatisk freda kulturminne av nasjonal verdi. Tildømes kjem id 107058 i direkte konflikt med arealføremålet BAB1 (sjøhus) som vist i illustrasjon 1.</p> <p>På bakgrunn av dette, fremjer Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering motsegn til arealføremåla: BAB1 Sjøhus i Havreneset som rår direkte steinalderlokaliteten id 107058 BAB1 Sjøhus i Brandsøysundet som rår direkte id 45822 BAB1 Brandsøysundet -Nakkaneset som rår direkte id 55527</p> <p>Når det gjeld turveg frå Båtevika til Kystmuseet, o_SHS, er det lagt opp til at den kjem kant i kant med sikringssona til steinalderlokaliteten id 106899. Vi ber om at turvegen blir trekt så langt i frå det automatisk freda kulturminnet som mogleg. I følgje innberetninga til Universitetsmuseet i Bergen, så har denne lokaliteten ei større utstrekning enn det som er vist i Askeladden. Men lokaliteten strekk seg vidare mot sør og langs med strandkanten. Fylkeskommunen kjem i samarbeid med Universitetsmuseet til å oppdatere geometrien i Askeladden. Steinalderlokaliteten id 147725, som ligg oppe på høgdedraget mellom Gunnhildvågen sør og Gunnhildvågen nord, blei registrert i 2011. Det vil seie at kulturminnet blei registrert etter vedteken reguleringsplan og kommunedelplan. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune må derfor vurdere kulturminnet i samband med revisjonen av kommunedelplanen.</p> <p>Berre delar av lokaliteten ligg i arealføremål som samsvarer med vern i høyringsforslaget. Heile det automatisk freda kulturminnet skal ligge i grøntareal og ikkje delvis i BAB2 småbåtanlegg.</p> <p>Fylkesdirektøren fremjer derfor motsegn til arealføremålet BAB2 i Gunnhildvågen, og ber om at grøntarealet vert utvida mot nord slik at heile steinalderlokaliteten id 147725, med den automatisk freda sikringssona, ligg i grøntareal. Vi føreset at kommunen legg</p>	
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>inn ein stor nok buffer, slik at det ikkje er fare for at kulturminnet kan bli skadd i samband med tiltak i nærområdet.</p> <p>Når det gjeld dei tre automatisk freda kulturminna (id 6312 - aktivitetsområde frå steinalder ,25848- gravrøys og 105804- busetting og aktivitetsområde frå steinalder), på gbnr 18/47 i Brandsøysundet, ber vi om at det vert lagt på ei omsynssone d, SOSI-kode H570 mellom kulturminna. I reguleringsplanen for 2009 er det lagt inn i føresegnene til planen at siktlinja mellom id 6312 og 25848 til id 105804 skal vere fri. Vi ber om at kommunen tilpassar omsynssona i kommunedelplanen til reguleringsplanføresegnene og i plankartet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - fremjer motsegn til føresegna punkt 8.11 bandlegging etter lov om kulturminne H730, punkt a og b i føresegner og retningsliner. Dei automatisk freda kulturminna er ikkje frigjevne, og skal derfor omtalast i føresegna som freda. Vi ber om at punkt a. og b. vert erstatta med: <p>Innanfor omsynssonene d (SOSI-kode H730) er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, tildekke eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillatt jf. kulturminnelova § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Vestland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.</p> <p>Ikkje nok grunnlagsmateriale til å vurdere om føreslegne arealdisponeringane råkar automatisk freda kulturminne eller ikkje. Vi presiserer derfor at vi ikkje kan seie oss samd i arealbruken, jfr lov om kulturminner § 8, fjerde ledd. Dette inneber at arealdelen ikkje har direkte rettsverknad før det er avklart om dei ulike byggeområda råkar automatisk freda kulturminne eller ikkje. Arealbruken vert først avklart på reguleringsplannivå. Fylkeskommunen er òg høyringspart når det gjeld tiltak i LNF - område.</p> <p>Nyare tids kulturminne: Kommunen har Handlingsplan for kulturminne 2016-2020, Forvaltning og utvikling sjøhus og Rettleiar for byform og arkitektur. Kommunen skriv sjølv i omtalen til planforslaget at «Rettleiar for byform og arkitektur» skal være overordna og retningsgjevande i alle plan og tiltak i kommunen. Rettleiaren har gode føresegn og retningsliner knytt til omsynssoner som kan omarbeidast og nyttast i planen. I planomtalen har kommunen vist eit utval nyare tids kulturminne- og miljø : Brandsøy gard, Kanalen, Nybø gard, Radiomastene på Nordnes, Krigsminne</p>	
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

			<p>VK er samd i kommunen si vurdering at dette er viktige kulturminne- og kulturmiljø av lokal verdi, meiner vidare at dei opplista kulturminne også har regional verdi og må difor sikrast i planen.</p> <p>I Føresegn 2.17 Bevaring av eksisterande bygningar og kulturmiljø er det berre krigsminne som er sikra med omsynssone c (H570), tilhøyrande retningslinjer og i generelle føresegn. Dette er ikkje tråd med nasjonale føringar om å sikre eit utval kulturminne- og miljø. Det er ikkje gjort greie for kvifor ingen andre kulturminne eller kulturmiljø frå nyare tid er sikra i planen slik plan- og bygningslova legg opp til. Vestland fylkeskommune ber om at kommunen, som eit minimum, sikrar kulturminna nemnt i planomtalen med omsynssone c (H570) med retningslinjer, og at det blir laga generelle føresegn knytt til handsaming av kjente og ukjente kulturminne.</p> <p>Fylkesdirektøren fremjar difor motsegn til planforslaget. Motsegn til dette vert trekt om kulturminna i kommunen sin eigen opplisting vert sikra med omsynssoner, retningslinjer, og generelle føresegn for handsaming av andre kulturminne. Døme på generelle føresegn med utgangspunkt i kommunen sin rettleier «Rettleiar for byform og arkitektur» kan være:</p> <p>Konsekvensar for eventuelle kulturminne skal vurderast i alle plan- og byggesaker, også i sjø.</p> <p>I alle plan- og byggesaker skal det leggest vekt på kvalitet og at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som knyter seg til eit byggverks ytre har ein opplevingsverdi. Tiltak som rører ved bygg eller næraste omgjevnader til eksisterande eller verneverdig bygningar/ miljøobjekt skal utformast med omsyn til bygningane si hovudform og fasadeuttrykk.</p> <p>I planområdet er det ut over dei opplista kulturminna fleire kulturminne- og miljø som ikkje er omtalt. Dette gjeld mellom anna Furesundet og Nothenget ved Gunhildvågen. Desse er i gjeldande KDP regulert til kulturelt bevaringsområdet og det er krav om reguleringsplan ved nye tiltak. I forslag til ny KDP har begge kulturmiljø fått nytt arealføremål og kulturminneverdiane er ikkje omtalt, vurdert eller sikra. Endringa er heller ikkje konsekvensutgreidd. - meiner at kulturminne- og kulturmiljø ikkje er tilstrekkeleg utgreidd eller sikra i planarbeidet og går difor til motsegn på dette punktet. Motsegn vert trekt om kulturminna vert sikrast med omsynssone og retningslinjer.</p>	
--	--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>Omsynsoner pbl 11-8 – Omsynssone c for bevaring av kulturmiljø - det er viktig at verdifulle kulturmiljø får egne omsynssoner. Slik kan viktige kulturminner verte synlegare og det vert meir føreseieleg å forvalte kulturminneinteressene opp mot andre interesser. Vi rår kommunen til å arbeide vidare med å få inn nye omsynssoner med retningslinjer. Det er særleg viktig å legge omsynssone c (H570) med retningslinjer på museumsområdet til Kystmuseet i Sogn og Fjordane. I gjeldande KDP er området regulert til museum, i ny KDP er arealføremålet endra til offentlig føremål og turdrag. Museumsbygget som er teikna av Svein Hatløy er eit særleg godt døme på den internasjonale arkitekturretninga opa form og har regional verdi og mogleg nasjonal interesse som kulturminne. Hatløy var grunnleggjar av Bergen Arkitektskule og ein drivkraft for å sette fokus på den vestnorske byggeskikken. Analysar av kystkultur og naturen der menneske levde og etablerte samfunn, vart utgangspunkt for arkitekten Svein Hatløy sine løysingar for museumsbygga si utforming plassert i lyngheia som kystens kulturlandskap. Museumsområdet er knytt saman med stiar og trebruer over øyer og sund. Ein beveger seg over landskapet, mellom bygg som representerer livet på vestlandskysten frå innerst i fjordarmen til ytterst mot storhavet. Intensjonen med Kystmuseet er at det skulle vere ein modell over «det gamle samfunnet» på vestlandskysten. Utforminga av dei to administrasjonsbygga med publikumsdel, er i harmoni med heile museumslandskapet, der det ligg ut i sjøkanten med store vegger som skydd for storhavet..</p> <p>Merknader frå Bergen Sjøfartsmuseum Bergen sjøfartsmuseum har følgjande merknadar tilhøyringsforslaget: Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rår sjøbotnen. Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råde kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.</p>	
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

			<p>Varslinga skal skje gjennom Vestland fylkeskommune, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdet potensial for marine kulturminne.</p> <p>Prioriterte område innanfor kommunedelplanens si arealgrense inkluderar handelsstaden Furesund, som skal ha vore i drift frå 1700-tallet. Brandsøysundet er også eit interessant område, til tross for at det ikkje har vore gjort funn av enkeltminne eller kulturminnelokalitetar. Denne vurderinga gjer me grunna alle dei sjønære lokalitetane langs sundet, som det er truleg at har vore tilknytt marin ferdsel og anna aktivitet. Områda rundt Furøya, Færøya og Langøya er også prioritert område for marine kulturminne grunna lang tids maritim aktivitet her.</p> <p>Istandsetjing av bygningsarven vår er eit godt klimatiltak. Ved å nytte eksisterande bygningar i eit langsiktig perspektiv vil ein kunne redusere behovet for nybygg og såleis redusere klimaavtrykket knytt til bygningsmassen vi omgjer oss med. Bruk av eksisterande bygningsmasse vil krevje mindre ressursar enn å bygge nytt. Bygg- og anleggssektoren er den sektoren i fastlands-Noreg som er mest energiintensiv og gjenbruk av eksisterande bygningar og anlegg er difor eit viktig miljøtiltak. For meir informasjon om kulturminne og klima syner vi til Riksantikvaren sitt informasjonsblad om arbeid med bymiljø, klima og</p> <p>Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at Kinn kommune har tatt nok omsyn til eller sikra kulturminna- og kulturmiljøa i planen. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering går derfor til motsegn til planen. Vi ber om at kulturminne og kulturmiljø blir sikra gjennom omsynssoner, føresegner og retningsliner i kommunedelplanen.</p>	
35	05.04.20	Fylkesmannen i Vestland, Florø/ Kinn kommune	<p>Samordna fråsegn til offentlig ettersyn av kommunedelplan for Florelandet og Brandsøy i Kinn kommune -endringar som trekkast fram er den samordna bustad-, areal- og transportplanlegginga forsterka med fortetting ved sentrumsområde, tilbakeføring av fleire område til LNF-føremål og med forslag om eit nytt gang- og sykkelvegsamband mellom Firdavegen og Kinnvegen. Såg også at ved gjennomgang av planforslaget at nokre område kunne utfordre nasjonale interesser knytt til strandsone, landskap og avstand mellom nye bustadområde og definerte knutepunkt. - meinte også at delar av ROS-analysen var mangelfull. - vurderer ut frå eige medverknadsansvar at planforslaget</p>	<p>Innspelet/ varsel om motsegn, takast til følgje, ved enkelte justeringar.</p> <p>SV3 vidareførast i nytt utkast med plankrav knytt til seg.</p>

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høyring

			<p>på nokre punkt er i strid med statlege interesser og føresetnader for arealplanlegginga på ein måte som vil kunne utløyse motsegn.</p> <p>I tråd med dei rutineane frå KMD for den statlege samordninga, tilbydde vi eit dialogmøte med kommunen som planstyresmakt. Møtet vart halde hjå Fylkesmannen sine kontor i Førde 25.02.2020.</p> <p>SV3: Vegtilkomst til Kystmuseet</p> <p>Det er lagt opp til ei ny vegframføring til Kystmuseet, der delar av traseen er lagt i eit smalt naturbelte mellom eit bustadområde og sjøen. Kommunen peika på at dagens tilkomstveg gjennom bustadområdet er underdimensjonert, og at det ikkje finst andre alternative trasear. Vidare opplyste kommunen om at det er knytt plankrav til vegen, og at traseen er vist i gjeldande kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy (2007). Fylkesmannen såg at det er behov for betre tilkomst for utrykkingskøyretøy og varelevering, men rådde til at haldeplass for buss vert plassert lenger unna Kystmuseet med gangtilkomst heilt fram. Vidare sakna vi ei betre vurdering av verdiane i strandsona. Fylkesmannen ser ikkje behov for å fremje motsegn mot området, men vil vurdere arealbruken på reguleringsplannivå.</p> <p>o_SHS: Gang- og sykkelsamband mellom Båtevika og Havhesten</p> <p>Kommunen har behov for eit samband mellom Firdavegen og Kinnvegen som går utanom Florø sentrum. Den føreslåtte traseen ligg i bratt terreng rett ved sjøen og fører med seg betydelege terrenginngrep. Det er også betydelege høgdeforskjellar i traseen. Eit alternativ med køyrevog ville ha vore komplisert og ført med seg meir terrengarbeid, og er ikkje vidareført i planforslaget. Fylkesmannen såg behovet for eit nytt samband, men var negativ til store terrenginngrep i eit område med mykje naturleg strandsona. Vi meinte at verdiar knytt til strandsona og naturmiljøet burde vere eit premiss for planen. I diskusjonen i møtet vart det føreslått ei tunnelloysing for gange og sykkel som kommunen heller ønskte å gå vidare med. Fylkesmannen ser dermed dialogpunktet som avklart</p>	<p>o_SHS er ein svært viktig del av planlagd sykkelnettverk, og den vil knyte idrettsanlegga og ungdomsskule/vidaregåande nærare til kvarandre. Å gå for ei tunnelloysing reduserer moglegheita for realisering. Ei tunnelloysing vil også kunne føre til utfordringar for tryggleik og tryggleiksfølelse hos den einskilde mjuke trafikant. Sykkelvegen er difor vidareført, men det er presisert i føresegner at det ikkje skal gjerast utsprenging av svaberga rundt neset. Sykkelvegen må derimot etablerast som ein konstruksjon på berget. Det vil kunne bli behov for noko utsprenging etter konstruksjonen treff land i Båtevika dersom naust ikkje skal fjernast, eller at konstruksjonen kan gå over denne. Elles vil tiltaket tilpasse seg omgjevnadane med høg arkitektonisk kvalitet for konstruksjon og utføring. Verdiar knytt til</p>
--	--	--	--	---

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>Mange område for sjøhus og småbåtanlegg på land er vidareførte frå gjeldande plan med nemninga BAB1 for sjøhus og BAB2 for småbåtanlegg på land. Fylkesmannen peika på at det er opna for ei betydeleg utbygging innanfor desse områda, og at byggjeområde i strandsona i gjeldande plan må vurderast på nytt ved rullering av kommunedelplanen. Vidare meinte vi at det var vanskeleg å få oversikt over alle BAB1- og BAB2-områda. Vi vart einige om at Fylkesmannen skulle komme tilbake med konkrete område som utfordra strandsona-verdiane</p> <p>- tre område som burde vurderast på nytt. Kommunen svarte med å føreslå å knyte plankrav til desse områda, noko Fylkesmannen kunne stille seg bak. Dialogpunktet vart såleis avklart.</p> <p>B14, B16 og B17: Bustadområde Planforslaget vidarefører delar av B16 og B17 frå gjeldande kommunedelplan og legg til rette for eit nytt bustadområde B14. Kommunen la fram at områda ligg utanfor definerte knute-punkt og vil verte bilbaserte, men at områda samtidig ligg i nærleiken av ein barneskule. Fylkesmannen stilte spørsmål ved behovet for desse bustadområda, som inneber auka bilbruk og å ta hol på bygd grøntstruktur. Kommunen var einig i at bustadbehovet i planperioden kan dekkast andre stader i kommunen, men viste til at andre bustadområde i gjeldande plan med større landskapskonsekvensar i nærleiken av B14, B16 og B17 er tekne ut. Kommunen kunne vidare opplyse om at områda ikkje er viktige friluftsområde. Fylkesmannen støttar at kommunen har teke ut områda som har størst negative verknader for urørt natur, og vi legg vekt på at det ligg ein barneskule i området. Verknaden av ei etablering av B14, B16 og B17 for ei samordna bustad-, areal-, transportplanlegging bør likevel komme betre fram av planforslaget. Vi vurderte også dette dialogpunktet som avklart. Fylkesmannen peika på at ROS-analysen til kommunedelplanen ikkje omhandlar risiko- og sårbarheitstilhøva knytt til viljestyrte hendingar (t.d. terror og sabotasje). Planområdet omfattar m.a. kritiske samfunnsfunksjonar, kritisk infrastruktur, bysentrum, storulykke-verksemnd, flyplass mv. Uønskte viljestyrte hendingar vil såleis kunne medføre til dels store konsekvensar og kommunen bør ta stilling til om i kva grad terror og sabotasje kan vere eit relevant tema å vurdere for delar av planområdet, anten gjennom ROS-analysen eller på annan måte. Kommunen svarte med at viljestyrte hendingar inngår i den overordna ROS-analysen for tidlegare Flora kommune, og at forslaget til kommunedelplan ikkje legg opp til tiltak som fører med seg auka risiko. Fylkesmannen viser til at storulukkeverksemder likevel skal visast med omsynssone,</p>	<p>strandsona og naturmiljøet vil vere eit premiss for planen. I planprosessen vil ein i alle høve vere særskilt merksam på automatisk freda kulturminne i området, og tiltaket vil underordne seg desse.</p> <p>BAB2 områda som vist i mottteken e-post var i stor grad i førre plan satt av til småbåthamn. Eigedomsstrukturen, og slik bygga ligg i dag, er på rekke langs sjø slik nausttomter vil ligge i slike område. Ein reguleringsplan vil ikkje endre på dette. Plankrav på desse områda vil i praksis gjere det vanskeleg for den einskilde grunneigar av nausttomt i etablert småbåthamn å kunne nytte seg av eigedomen sin. Kommunen ynskjer difor ikkje å knyte plankrav til desse områda.</p> <p>Bustadområda som i førre høring var kalla B16 og B17 er no teke ut av planen.</p>
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

			men ser dialogpunktet som avklart under føresetnad av at ei slik omsynssone vert lagt inn i plankartet.	Det har vore si utfordring å få tak i omsynssoner knytt til storulykke. DSB har ikkje kunne framskaffe dette, men vi har fått informasjon frå storulykkeverksemder som ikkje ligg innan planområdet, men i tilstøtande område, om at sona deira ikkje vil ha verknad for areala innanfor denne planen.
36	27.02.20	Harry Solheim Gbnr 23/10	..kommentarer til ...naturområde på min eigendom, nedafor hovedveg helt øst. ... enig i friområde langs elva men at alt naturområde blir lagt på meg mens nabo østfor elva ikke blir belasta med vern synest jeg ikke er riktig Det går en veg fra hovedvegen, sørover ned til elva, den ble bygd under krigen når dei henta grus til bruk til hovedvegen til Florø, den ligger på eigendommen til naboen, den meiner jeg absolutt bør vernast Når det gjelder naturområde på min eigendom så skulle det være ei grønn stripe langs elva på begge sider men det vi ser nå er at jeg må ta belastningen	Innspelet takast ikkje til følgje. Egedomen ligg på lausmassar nær bekk. Her tilseie retningsliner frå NVE at det ikkje bør byggast.
37	16.04.20	Linda Husabø Gbnr 18/251	<p>- eig gnr. 18/251, som er regulert til N4- Naust tomt. Det vi ynskjer å spele inn til kommunen er:</p> <p><input type="checkbox"/> Mulegheit til å byggje sjøbu/kombinasjonsbygg i to etasjar, med bua-del i første etasje, og eventuell framtidig bu-eining i andre etasje.</p> <p><input type="checkbox"/> Mulegheit til å byggje naust med større storleik enn 60m2, og 6 meter høgde.</p> <p>Det har tidlegare stått ei sjøbu på denne tomta, men denne vart riven for nærare 30 år sidan grunna dårleg stand.</p> <p>- ynskjer ein førehandskonferanse - få svar på fylgjande:</p> <p><input type="checkbox"/> Kva som er reguleringsbestemmelsane for denne tomta ifht. det som kan byggjast, og størrelse på bygga.</p> <p><input type="checkbox"/> Kva som er utnyttelsesareal for denne tomta.</p> <p><input type="checkbox"/> Om det er mogleg med dispensasjon for evt. større bygg enn det som nevnt tidlegare</p> <p><input type="checkbox"/> Om det er mogleg med dispensasjon for bruksområde på tomta</p> <p><input type="checkbox"/> Om det er mogleg å få hjelp/retteleing til å få fullført det vi ynskjer for tomta.</p>	Innspelet takst delvis til følgje. Det er ikkje eit overordna mål å tilrettelegge for sjøbuer, då dette vil privatisere strandsona innanfor planområdet. Har hatt dialog på telefon kring kva som er gjeldande føresegn og det blei ikkje avtala vidare førehandskonferanse per no.

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

				Det er lagt inn naust knytt til eksisterande naustrekke i Brandsøy.
41	30.04.20	Jan Helge Espeseth Gbnr 27/79, 203, 658, 673 og 674	Vedr. forhold rundt utnyttelse av boligeiendom 27/79 - reguleringsplan med Plan.ID 19880104 NordnesII, Gbnr.27/203 og 658, Bustadtomt er tenkt opphevet. Denne har inntil nå vært gjeldende for mine eiendommer, deler av 27/79 og eiendommene 27/673 og 674. Ved oppheving av nevnte reguleringsplan går jeg ut fra at eiendommene er tenkt regulert inn under: Føresegner og retningslinjer: Bustad,B1 Havreneset i ny arealplan. - stort sett positivt på dette da det åpner opp for en bedre utnyttelse (økt BYA,økt gesims/mønehøyde og mulighet for to boenheter) av eiendommene i forhold til gjeldende reguleringsplan. - et viktig element i gjeldene reguleringsplan er de innregulerte juridiske byggegrensene for de to boligeiendommene. Spesielt for boligeiendommen 27/79, der det er svært viktig å trekke eventuelt nytt bolighus så langt øst på tomten som mulig. Dette for å ivareta sjøutsikten til bolig på naboeiendom 27/673,674. Ber om at pkt.1 under tas med fra gjeldene reguleringsplan/kart og inn i ny arealplan 2020-2030. Pkt.1. Vedlegg med juridiske byggegrenser i gjeldene reg.kart for begge eiendommene,med påført innmålt gjeldene byggeavstand til VA-ledninger mot øst på 4 meter.	Innspelet må avklarast gjennom byggesak då ein i det store ikkje knyter føresegner til einskilde bustadtomter.
45	25.08.20	Hilde Kristin Brandsøy 18/40	G/bnr. 18/40 Jeg sender denne mailen på vegne av min far Oddmund Brandsøy, som i dag er 92 år. Min far har dessverre ikke vært klar over at deler av hans eiendom G/bnr.18/40 i 2007 ble omgjort til LNF område. Vi ber derfor om at arealet i tilknytning til B32 blir omfattet hele eiendom 18/40. De andre tomtene som grenser til 18/40 er regulert til boligformål. Vil også nevne at det er tilkomstveg til tomtene. Vi ber om at hele arealet i 18/40 skal inn som boligformål for ny kommuneplan Florø/Brandsøy.	Innspelet takast ikkje til følgje. Ut frå krav frå Statens vegvesen om utbetring av krysset til Rv5, er det for dette området og denne planperioden kun eksisterande bustadfelt som er lagt inn, og då med rekkefølgekrav om utbetring av kryssløysing.
46	09.09.20	Florø Hamn,	I næringsområdet Gunhildvågen/Trolleskjæret er det i dag allereie ei brei etablering av marin næringsverksemd, hovudsakleg fiskerirelatert, og det er press på det eksisterande tilgjengelege arealet. Næringa er tydeleg på det trengs meir areal for at aktørane kan utvikle eigen drift og dermed også næringsbyen Florø. Dette er mogleg å løyse ved å ta i	Innspelet takast til følgje.

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høyring

		Florø/ Kinn kommune	<p>bruk Måsholmen, rett vest for Trolleskjæret, til næring og knytte dette til eksisterande næringsareal.</p> <p>Ein simulatortest utført i samarbeid med Kystverket si losteneste syner at den eksisterande offentlege kaia i Gunhildvågen vil vere lite gunstig til utskiping av containere med linjefartya som går langs kysten, med sør-sørvestlege vindar over 10 m/s. Innseglinga gjennom Måsholmsundet er trong, det er ingen retrettmoglegheitar og «point of no return» er passert vest for Måsholmen før ein entrar sundet. Med omsyn til tryggleik og tilkomst – både for skip og miljø, er ikkje den offentlege kaia i Gunhildvågen tilråda for denne type trafikk (fartøystype og storleik) som den eksisterande containertrafikken representerer. For utskiping av containere frå området må ein inkludere Måsholmen som næringsareal. Ved etablere to djupvasskaier (ei sør-nord, ei aust-vest) ved Håskjæra heilt vest for Måsholmen kan ein oppnå god regularitet opp mot 20 m/s.</p> <p>Vi tilrår difor at ein i arbeidet med kommunedelplan for Florølandet-Brandsøy undersøker høve for å endre status på Måsholmen frå LNF til næring slik at arealet kan nyttast til t.d. fiskeindustri, lager og naudsynt infrastruktur.</p> <p>Planarbeidet bør også omfatte det grunne sjøarealet vest og nord for Måsholmen (inkludert Håskjera), samt sundet mellom Trolleskjæret og Måsholmen. Då kan dette arealet kan takast i bruk ved utfylling eller på anna måte, og gjennom dette auke det samla næringsarealet monaleg.</p>	Containerhamn i Gunhildvågen er innarbeidd i planen.
48	22.09.20	Jan Egil Østvik Gbnr 28/39, 28/47	<p>På vegne av nåværende grunneigarar søkjer vi med dette om å få regulert eiendom 28/39 og 28/47 til bustadområde. Eigedomane ligg i eit allereie bustadområde, det er tilrettelagt for VA-anlegg og anna infrastruktur.</p> <p>I tillegg, ønsker vi å få skilt ut tomt for kai/molo. Så det er mulig for utbedre/utvide eksisterende småbåtanlegg</p>	Innspelet takast delvis til følgje. Med planar om ei utviding av rullebana ved Florø Lufthamn vil det i denne planperioden ikkje bli satt av meir areal til bustad her. Moglegheit for kai/molo er innarbeidd i plan.
54	21.12.20	Fagerstad Utvikling AS, Gbnr 27/13	<p>Eigendommen er 1 av 85 eigendommor i en større portefølje som Telenor har selt i forbindelse med utfasing av kobbernett/ fasttelefon. Området er i dag eit operativt telenoranlegg til trass for at bruk som friområde står sterkt.</p> <p>gnr./bnr. 27/713. Området er foreslått med formål «naturområde- grønnstruktur». Vårt innspel til endra formål: BUSTADSBEBYGGELSE</p>	<p>Innspelet takast ikkje til følgje.</p> <p>Det er svært god bustadkapasitet i Florø per no, og denne ventast å bli enda betre i åra som kjem. Det vil særskilt i Havreneset</p>

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

		<p>Stadstilpassa arkitektur med gode arkitektoniske kvalitetar, der ein i stor grad tek hensyn til eksisterande landskap og tilpassar nye bustader til naturen på tomta. Det skal være høg grad av grøntstruktur mellom bygga. Dei nye bygga skal spele på lag med omgivnadene, og ikkje være prangande. Det er ønskjeleg å sjå på muligheter for å tenke «tun» som bukonsept der møteplassar og « livet mellom husa» er sentralt.</p> <p>I dei ulike områda ynskjer Fagerstad henholdsvis mindre bueningar på 2 plan,- Bygningar med maks mønehøgde 9 m. Utnyttingsgrad BYA 35-50% Rekkehus, kjedehus, einebustader</p> <p>Område 2: Transformasjon av eksisterande Telenor-bygning. Ønskt formål er bustadsbebyggelse. Ønskjer å spele inn mulighet for punktvis høgare busetnad her. 3-4 plan.</p> <p>Område 3: Potensiell utviding av eksisterande bustadtomter.</p> <p>Litt om historia til eigendomen:</p> <p>Området er i dag eit telenoranlegg til trass for at bruk som friområde står sterkt. Telenor ser på mulighetene for å kun oppretthalde tre av dagens master. Dei vil fortsette å leie areal for dette i fremtida. Dette ligger som en klausul i kjøpskontrakten med Telenor. Disse markert med blå ring. Det er ønskeleg med samarbeid med kommunen om utvikling av området.</p> <p>Vi foreslår at prosjektet kan bli gjennomført gjennom detaljregulering med bindingar til privatrettsleg avtale som sikrar ei heilskapleg utforming, og ivaretek eit konsept om sterk landskapsmessig tilpassing.</p> <p>Privatrettslege sikring som gjer at prosjektet også i fremtida ivaretek arkitekturen og landskapstilpassing/ vern av landskap.</p>	<p>frigjere seg svært mange einebustader i åra som kjem. Desse ynskjer ein, skal vidareutviklast av nye eigarar. Dette legg vi opp til i planen ved å gje gode rammer for påbygg og endring.</p> <p>Leiligheter er ikkje ynskja i området grunna lang avstand til knutepunkt og topografi som er utfordrande å ta seg gjennom for folk med nedsatt evne til å bevege seg.</p> <p>For born og unge og samfunnet som heilskap er ivaretaking av naturen noko av det som har hatt høgast prioritet i denne planen, og dette naturområdet som det her er snakk om, er eit mykje nytta området av barnehage i nærleiken og nabolaga generelt. I kartlegging av friluftsliv var det anbefalt omsynssone for friluftsliv akkurat her.</p>
--	--	---	--

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

				<p>Det er ikkje vern av landskap å bygge ned landskap.</p> <p>I tillegg til dette er radiomastene på Nordnes verna som kulturminne.</p>
57	04.01.21	<p>Knut Einar Grønsberg</p> <p>Gbnr 25/567, 26/426, 429</p>	<p>Viser til Kommunedelplan Florelandet – Brandsøy 2020 – 2030 med Føresegner og retningslinjer som er til 1.gangs høring i Kinn kommune. Plan id20170001.</p> <p>Ønsker med dette å kommentere området vist med rødt under, gnr/bnr 25/567-26/426,26/429.</p> <p>Området er foreslått med formål «Kombinert bebyggelse og anleggsformål» BKB11Innspill til kommunedelplan:</p> <p>Grønsberg Bygg har sammen med andre næringsaktørar lokaler i dette området. Virksomhet som krever mye lager plass for mellomlagring av matriell. Det er en fordel at lager kan overbygges. Det kreves også god parkeringsdekning pga biler som kjører med utstyr til for eksempel byggeplasser.</p> <p>Viser til gjeldende reguleringsplan (id20170001) for området: <i>Tillat grad av utnytting er fastsett i prosent bebygd areal, % BYA=50. Innanfor området skal hovuddelen av bygningsmassa ha maks gesimshøgd= kote 21,5 (5,5 m frå gjennomsnittleg planert terreng kring bygningane). Inntil 30% av bygningsmassa kan ha maks gesimshøgd inn i kote 24,5 (7,5 m frå gjennomsnittleg planert terrengkring bygningane).</i> «</p> <p>1) Ønsker at en ser på muligheter for bygge 3-4 etasjers- bygg på tomte, opp til kote +32.</p> <p>2) Kan det åpnes for en større utnyttelses grad av området enn 50%= 5,5 m gesims, der 30% kan bygges med 7,5 m gesis? Ønsker at en ser på å øke utnyttelsesgrad for å kunne ha mulighet til overbygd utelager, og økt antall parkeringsplasser.</p> <p>3) Kan det åpnes for at området G1 blir brukt til utelager/parkering?</p> <p>Dersom ny kommunedelplan kan åpne for større utbygging av området og innlemming av G1 i</p>	<p>Innspelet takast delvis til følgje.</p> <p>Desse eigedommane ligg sentralt plassert på Krokane sentrum, og korleis desse no blir utforma er av stor betydning for korleis nærområdet kring dette knutepunktet blir. Det vil i kommunedelplanen vere mogeleg å gjere endringar dersom ein ser at desse er til det beste for samfunnet som heilskap. Det er invitert til dialog kring dette. Det har vore gjennomført eit kort møte med synfaring, der det kom fram at det mest handla om å nytte arealet ved sidan av barnehagen til lagerlokale med gesimshøgd på ca. 5 meter. Dette arealet bør kunne nyttast på ein mykje betre måte som gagnar</p>

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

			<p>området, ønsker vi dialog om oppheving av den relativt nye reguleringsplanen. Viser også til at ny reguleringsplan ikke er opplistet blant planer som fremdeles skal gjelde etter at ny kommunedelplan er revidert.</p>	<p>lokalsamfunnet. Meir lagerlokale bør kunne etablerast i samband med bygning som skal settast opp på tomta.</p> <p>Kommunen kjem forslagsstillar i møte gjennom å oppheve delområde av reguleringsplan – som i utgangspunktet no blir vidareført. Delen som overstyrer, får føremålet Sentrumsformål. Slik blir BYA og tillaten etasjehøgd auka. Det vil ikkje vere mogeleg å kun sette opp eit lagerbygg, då dette vil låse bruken og øydelegge nærmiljøet i overskueleg framtid. Dette vil vere i direkte strid med retningslinje til fortetting kring knutepunkt instruert av KMD.</p> <p>Dersom voluma blir utforma på ein slik måte at dei beriker området estetisk for innbyggjarane som skal nytte Krokane sentrum vil</p>
--	--	--	--	---

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

				<p>kommunen støtte auka utnytting av arealet.</p> <p>Det er uaktuelt å ta meir grøntområde til industri/næring då dette er langs ein svært trafikkert gangtrase i nærområdet på Krokane. Tapet av skog som er fjerna til fordel for utviklinga av dette området har allereie gått på bekostning av kvaliteten til skulevegen til borna i området.</p>
58	11.01.21	Efinor-gruppen AS ved Dag-Jøran Hjelmeland, Gbnr 21/1229	I området som vi hadde synfaring på sør på camping, som er regulert som fritidsområde, ønsker vi å få muligheten til å omdisponere området slik at vi kan bygge flere hytter for utleie. Vi ser for oss arkitekt tegnede hytter som er tilpasset landskapet.	<p>Det har vore gjennomført synfaring på dei tenkte tomtene, og administrasjonen vurderer det til at det er mogeleg å få til ei utvikling her utan at det går på bekostning av ålmenta.</p> <p>Krokane camping er ein stad som er mykje nytta av innbyggjarane i Florø. Ved ei konkret vurdering på staden såg ein at dei utpeika områda, under visse føresetnader vil kunne utviklast. Det stillast strenge krav til</p>

Vedlegg 1: Innkomne merknader ved offentlig høring

				arkitektonisk utforming og terrengtilpassing.
67	24.01.21	Salt Arkitekter Gbnr 27/425, 28/216	<p>Kommentar til kommunedelplan på Høring for gnr/bnr 27/425 og 28/216 v/J.S. Solberg</p> <p>Ønsker med dette å kommentere område vist med rød stiplelinje under, gnr/bnr 27/425 og 28/216. Området er foreslått med formål «Friområde» i ny kommunedelplan. Det er ønskelig å beholde dagens arealformål «Bolig» samt se på mulighet for å bygge naust/ sjøhus/ brygger og molo.</p> <p>Eksisterende plan (FB 2006-2018) Ny plan på 1.ganghøyring ALTERNATIV 1: Bolig og naust med molo knyttet til skjær. Utliggere langs molo. ALTERNATIV 2. Innspill til endret formål er «Naust og båt plass». Molo knyttet til skjær med utliggere.</p> <p>Avslutning Legger ved utklipp av kommunedelplan fra 2018 (digitalt kartverk hos kommunen), denne viser feilarealformål (vedtatt kart viser «Bolig», mens digitalt grunnlag altså viser LNF).</p> <p>Denne feilen har ført til feil saksbehandling. Solberg ønsket å starte reguleringsarbeid i 2010, og fikk avslag i 2012 pga område reguler til LNF. I 2018 ble arealformål her endret til «Bolig».</p>	Innspelet takast til følge med alternativ 1 gjennom arealførebålet BKB 23, bustad, naust og VS2.